



Det faglege innhaldet i sosialt arbeid

Sosialt arbeid er eit praktisk fag som har formål om å hjelpe menneske til å løyse sine sosiale problem. Lovene som heimlar mykje av fagutøvinga identifiserer tenestemottakarane breitt til å gjelde alle innbyggjarane i landet, men i praktiseringa av faget viser det seg at sosialarbeidarar i hovudsak arbeider med svakare stilte grupper og iverksettinga av samfunnspolitikk. Faget rettar merksemda både mot personen og konteksten som omgir denne – og er såleis eit viktig bidrag til heilskapelege tenester. Eit slikt samansett fokus fordrar eit breitt fagleg fundament. Fagleg breidde må difor ikkje bli sett som motsetnad til fagleg tyngde, i forståing og utvikling av faget sosialt arbeid inn i helse- og sosialtenestene i Noreg.

Ingrid-Hanne Brønne, Cand. polit. med hovedfag i sosialt arbeid, høgskolelektor Diakonhjemmet Høgskole

Fag og profesjonsutøvar

Sosialarbeidar er ingen verna tittel, men nemninga vert i daglegtale nytta som samleomgrep på profesjonsgruppene barnevernspedagog, sosionom og vernepleiar*. Profesjonane har sentral felles kunnskap, men også mykje som skil dei. Svært forenkla kan ein seie at vernepleiaren har kompetanse i helsefag og miljøarbeid – særleg retta mot personar med utviklingshemming, barnevernspedagogen har fordjuping i sosialpedagogisk arbeid med barn og unge, medan sosionomen er sosialarbeidargeneralisten som arbeider med individ, gruppe og samfunnsnivå. Profesjonane har noko ulike metodefag, og det er i all hovudsak sosionomane som nyttar termen sosialt arbeid om sitt metodefag.

Sosialarbeidarane arbeider innanfor eit vidt spekter av arbeidsfelt. Størst av desse er kommunen - med barnevern, helseteneste, sosialteneste eller pleie- og omsorgsteneste. Mange arbeider også i spesialisthelsetenesta, eller er viktige bidragsytarar i arbeids- og velferdsetaten, kriminalomsorga, skulen, statleg barne-, ungdoms- og familieforvaltning, utdanning og forskingsfelt m.m.

Ein deler gjerne fagutøvinga i sosialt arbeid inn i fire hovudretningar:

- individuelt sosialt arbeid
- sosialt arbeid i grupper
- samfunnsarbeid
- sosial administrasjon og planlegging.

I tillegg har sjølvsgatt fagutøvinga også oppgåver knytt til undervisning, forskning og fagutvikling.

Med generalisme som spesialitet

Sosialt arbeid har tydelege røter inn i sosiologien og er i tillegg konstruert med element frå sosialpsykiatri, psykologi og etikk. I Noreg er faget også forankra i velferdsstat og lovverk, noko som gir fagleg slektskap med til dømes statsvitskap, juss og økonomi. Dei ulike perspektiva vert kopla med eit fokus på etikk og menneskerettar, og noko forenkla kan ein seie at det er i denne breie konstruksjonen vi finn sosialt arbeid si kjerne. Sosialarbeidarane sin kunnskap om både individ og samfunn, gjer at innsatsen kan rettast mot

grenseflata mellom tenestemottakar og konteksten som denne er omgitt av - enten dette er personleg nettverk, arbeidsplass, hjelpeinstansar, forvaltning eller liknande. Mange sosialarbeidarar spesialiserer seg – enten i klinisk arbeid med psykisk helse, familierapi, rusarbeid, miljøterapi osv. - eller ved å ta mastergrader og doktorgrader.

Den breie orienteringa i faget kan stå som tilsvar på nokre av utfordringane som ei stadig meir spesialisert helse- og sosialteneste no står overfor. Det er eit uttalt mål at kommune og spesialistnivå må samhandle for å tilby dei tenestene som klienten/pasienten har behov for. Stadig fleire menneske pendlar mellom førstelinje og andrelinje – eller mottek tenester frå parallelle organisasjonsstrukturar. Mange tenestemottakarar gir uttrykk for at slik organisering går utover heilskapen i tenestene. Dei etterlyser større grad av samordning mellom ulike organisasjonsnivå, samt at tenesteapparatet vert i stand til å femne eit større mangfald av tilhøve som verkar inn på livskvaliteten. Tenestemottakarane gir med andre ord uttrykk for at dei ynskjer at person og situasjon skal sjåast i samanheng.

Sosialarbeidarane sitt faglege bidrag inneber å kople ulike perspektiv, nett med sikte på å etablere ein slik heilskap. Det er imidlertid viktig at sosialarbeidarane si faglege breidde ikkje vert ståande som ein motsetnad til fagleg djupne – noko som lett blir tilfelle om ein analyserer enkeltelementa i faget isolert frå heilskapen. Her kan ein hente mykje gjennom å samanlikne generalistkompetansen i sosialt arbeid med generalistkompetansen innanfor eksempelvis allmennmedisinen, der generalistperspektivet har fått fokus som spesialitet.

Særleg kan ein argumentere for verdien av generalistperspektivet i samband med pågåande etablering av NAV. Dersom nye grupper skal delta på arbeidsmarknaden må ein tenkje nytt både om korleis arbeidslivet kan tilretteleggast, og ikkje minst kring korleis øvrige tenester kan bidra til at den enkelte får naudsynt rehabilitering og oppfølging. Dei politiske intensjonane om fleire i arbeid og færre på trygd føreset med andre ord at tenestene

femner heilskapen mellom tenestemottakarane sine ressursar/utfordringar – og dei ressursar/utfordringar som ligg i samfunnet sine strukturar. Nett her ligg sosialarbeidarane sin spesialkompetanse, og det er essensielt at NAV – både i stat og kommune – no grip denne kompetansen, med sikte på å nå målet om å gi heilskapeleg oppfølging til tenestemottakarane i NAV.

Eit fagleg fundament for sosialt arbeid

Å ta generalistperspektivet i sosialt arbeid på alvor, inneber systematisk arbeid med det mangfaldige tankematerialet som ligg til grunn for faget – heller enn å forenkla og spesialisere det. Menneskerettar, yrkesetiske retningslinjer og ulike politiske styringsdokument, utgjer saman med teori og forskning sentrale delar av fagfundamentet. Det er imidlertid behov for å avklare på kva grunnlag, og med kva formål, ein i sosialt arbeid hentar inn desse elementa i konstruksjonen av faget. Det er likeeins viktig at faget tek breidda i teorigrunnlaget på alvor, ved å aktivt forholde seg til innbakte motsetnader i teorigrunnlaget.

Ei tydeleggjering av eit felles fagleg fundament vil bidra til at sosialarbeidarar evnar å formulere sitt bidrag inn i tenestene – også utover relativt enkle og avgrensa metodeskildringar. Dette vil gi tenestemottakarane betre informasjon om kva sosialfagleg hjelp dei kan forvente å få – og i større grad grunnngi dei avgjerder som vert tekne. Slik vert tenestene tydelegare, meir tilgjengelege og mindre maktovergripande.

Like viktig som å etterlyse tydeleggjering av det faglege fundamentet for sosialt arbeid, er å drøfte karakteren av dette fundamentet. Diverre er der tendensen til at tenestene vert overstrøymde av relativt abstrakte tankemodellar og instrumentelle metodar, utan at desse er godt tilpassa dei konkrete utfordringane i arbeidskvardagen.

Det må vere eit mål å utvikle og synleggjere grunnleggande normer, standardar eller verdiar som gjer at praksisfeltet både kan sjå kritisk på eigne tenester, og verte i stand til å identifisere praktiske konsekvensar

av denne innsikta (1). Om ikkje, vert både kritikk utanfrå og interne målformuleringar lett utmattande, fordi sosialarbeidaren får ansvar for ein situasjon som han/ho ikkje ser høve til å løyse. Her er diskusjonen om fagleg forsvarlegheit i sosialfaget relevant. Tema-tikken har særleg kome på dagsorden som ledd i utgreiinga av spørsmålet om autorisa-sjon av barnevernpedagogar og sosionomar – som i kraft av å vere sosialpersonell ikkje er femna av dagens autorisasjonsordningar for helsepersonell. Desse emna heng tett saman fordi diskusjonen om tenestekvalitet, føreset ei parallell drøfting av det faglege innhaldet i tenestene, samt ei stillingstaking til korleis kvalitet og fag skal sikrast og utviklast både på institusjonsnivå og med utgangspunkt i den enkelte tenesteutøvar.

Kopling av teori og praksis

Konkret kan eit fagleg fundament for sosialt arbeid og dei sosiale tenestene, best utvi-klast dersom ein etablerer strukturar som sameinar praksis og teori i faget. Universi-tetssjukehusa ber ein god tradisjon for nær organisering av praksis, utdanning og for-sking. Det er svært gledeleg at det no tilsva-

rande er igangsett prosjekt med Høgskule- og Universitetssosialkontor (HUSK), i eit samarbeid mellom kommunar og høgskular/ universitet. Her får praksisutøvarane tilgang til relevant forskning og teori, utdanningsinsti-tusjonane vil kunne fange opp praksisfeltet sine kunnskapsbehov og forskarane vil få nærleik til problemstillingar med relevans for tenestene.

Det er også positivt at fleire sosialarbei-darar tar utdanning av høgare grad, og at desse plasserer seg både i forskings-/utdan-ningsfelt og i den konkrete helse- og sosialte-nesta. Slik kvalifisering vil styrke praksisfeltet sin tilgang på "oversettarkompetanse" når det gjeld å implementere ny forskning og fagkunnskap i tenestene.

Nye arbeidsmåtar og samarbeidsstruk-turar for utdanning, forskning og praksis, vil kunne ivareta kompleksiteten i faget ved å sameine både teori og praksis, individret-ting og samfunnsorientering. Og slik tener sosialarbeidarfaget det overordna målet med all praksis i helse- og sosialtenestene:
Å bidra til fagleg gode tenester, som er leverte i eit system som fremmer heil-skap, på ein menneskeleg god måte (2).

Litteratur:

1. Olteidal S. Sentrale utfordringar på veg mot kritisk sosialt arbeid. I: Olteidal S (red): Å analysere i lys av erfaringar. Oslo: Gyldendal 2005: 260–277
2. ...Og bedre skal det bli. Nasjonal strategi for kvalitetsforbedring i sosial- og helsetjenesten (2005–2015). Oslo: Sosial- og helsedirektoratet 2005

*) Vernepleiar er autorisert helsepersonell